



Statens vegvesen

Askøy kommune
Postboks 323
5323 KLEPPESTØ

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Sigmund Bødal / 55516146

Vår referanse:
16/97956-5

Dykkar referanse:
2013/1601-309

Vår dato:
08.09.2017

Uttale – Reguleringsplan – Plan 213 – Kleppestø sentrum i Askøy kommune – Varsel om utlegging til offentlig ettersyn

Vi viser til brev i frå Askøy kommune av med utlegging av reguleringsplan for Kleppestø sentrum til offentlig ettersyn.

Ved førre gongs utlegging av reguleringsplan 213 hadde Statens vegvesen motsegn til planen. Dette gjaldt at tunnelen bak Kleppestø sentrum ikkje var teken med i sin heilskap. Vidare gjaldt det at planen ikkje var detaljert nok og at det ikkje var avsett nok areal til anna veggrunn til at ein kunne utarbeidde byggjeplan for Fv 563.

No ser vi at Fv 563 er lagt inn i planen med omsynssone med krav om detaljregulering. Vidare er tunnelen frå Klampavika til Vatnavatnet lagt inn i forslag til ny arealdel i kommuneplanen med omsynssone og med krav om detaljregulering. Vi ser å kunne akseptere desse løysingane.

Med tanke på at ein i Kleppestø ønskjer å plassere parkeringa i Løfjellet, bruke dagens kaiområde til sentrumsformål, samt etablere gatestruktur i delar av sentrum er det svært viktig at ein får på plass tilbod til mjuke trafikantar. Dette for å fremme ferdsla til denne trafikkantgruppa, samt gjere det mogleg å redusere biltrafikken gjennom sentrum. Vi vurderer likevel at det kan bli utfordrande reint trafikalt med avvikling på aust – vest akse på eit tidspunkt, der ein er i gong med utbygging i sentrum utan at tunnelen er realisert.

Trase for tunnelen på Fv 563 bak Kleppestø sentrum har fått si plassering gjennom kommuneplanen sin arealdel. Det er krav om detaljregulering av tunnelen. Eventuelle fråvik frå vegnormalen ved detaljregulering av tunnelen i framtida, må avklarast med Statens vegvesen si fråviksnemnd i Region Vest før endeleg vedtak.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Ut over ovannemnde har ikkje Statens vegvesen trafikale merknadar til det som er lagt ut til offentleg ettersyn i plan 213.

Plan- og forvaltningsseksjon, Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Bødal Sigmund
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN